

PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I HELSE BERGEN HF

STAD: Finstuen, Bikuben konferansesenter

MØTETIDSPUNKT: 27.04.2018, kl. 12.30 – 17.00

Styreseminar for styremedlemer frå kl. 12.00 – 12.30 Tema:
Rekneskapsreglar for helseføretak

Styremøte var ope for publikum og presse til styresak 52/18, etter dette blei møtet lukka.

DELTAKARAR FRÅ STYRET

Svein Gjedrem	Leiar
Signy Midtbø Riisnes	Nestleiar
Mona Hellenes	Styremedlem
Anne-Margrete Bollmann	Styremedlem
Bjørn Østbø	Styremedlem
Rolf Martin Tande	Styremedlem
Per Karlsen	Styremedlem
Karen Anne Stordalen	Styremedlem
Irene Hopsdal	Styremedlem
Geir Arne Sunde	Styremedlem
Arvid Langeland	Styremedlem

DELTAKAR FRÅ BRUKARUTVALET

Inge Aareskjold Fiskvik	Leiar brukarutvalet
Hjørdis Dahle	Nestleiar Brukarutvalet

DELTAKARAR FRÅ ADMINISTRASJONEN

Eivind Hansen	Administrerande direktør
Anne Sissel Faugstad	Viseadministrerande direktør
Clara Gjesdal	Viseadministrerande direktør
Lasse Hatletvedt	Referent

SAKLISTE

UNDERLAG

Sak	40/18 A	Godkjenning av innkalling og dagsorden	Vedlagt
Sak	41/18 A	Godkjenning av protokoll	Vedlagt
Sak	42/18 O	Administrerende direktør si orientering	Vedlagt
Sak	43/18 O	Rapport frå verksemda	Vedlagt
Sak	44/18 A	Langtidsbudsjett 2019-2023	Vedlagt
Sak	45/18 A	Tenesteavtale om øyeblikkeleg hjelp døgntilbod i kommunane	Vedlagt
Sak	46/18 O	Fullmakter i utbyggingsprosjekt	Vedlagt
Sak	47/18 O	Økonomiske betraktningar knytt til klimarekneskapen	Vedlagt
Sak	48/18 O	Internrevisjon av internasjonale samarbeidsprosjekt	Vedlagt
Sak	49/18 A	Prosjektorganisering protonsentar	Vedlagt
Sak	50/18 O	Statusmelding utviklingsplan 2018 - 2035	Vedlagt
Sak	51/18 O	Eventuelt	
		Skriv og meldingar	Vedlagt
		- Årshjul for styret i Helse Bergen 2018	
		- Protokoll frå brukarutvalet i Helse Bergen 20.02.2018	
		- Protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF 07.03.2018	
		- Uttale frå Helse Vest: Bruk av nynorsk i Helse Bergen	

Styret sitt kvarter

Lukka møte:

Saksdokument er unntatt offentleg innsyn etter Lov om rett til innsyn i dokument i offentleg verksemd § 18

Sak	52/18 O	Sak med Bergen kommune om eigedommar	Vedlagt til styret
-----	---------	--------------------------------------	--------------------

Ved starten av møtet var det eit innlegg om forskning v/Lars Bø, leiar for Nasjonal kompetanseteneste for MS

Sak 40/18 A Godkjenning av innkalling og dagsorden

Vedtak [samrøystes]

Innkalling og dagsorden blei godkjende.

Sak 41/18 A Godkjenning av protokoll

Vedtak [samrøystes]

Protokoll frå styremøte 22. mars 2018 blei godkjend.

Sak 42/18 O Administrerande direktør (AD) si orientering

1. Rapportering tilsynssaker

Ingen kommentarar.

2. Orientering om relevante lover, forskrifter og styremaktkrav

Ingen kommentarar.

3. Oversikt over aktuelle høyringar

Det blei kommentert i Høyring om forskarstillingar at ho ikkje tek innover seg brukarperspektivet (studentane) tilstrekkeleg.

4. Saker til oppfølging etter styremøtet

Ingen kommentarar.

5. Mediesaker

Ingen kommentarar.

6. Status og endring BUS 2

Analysar viser at bygget kan romme meir enn det som er planlagt. Det blir no vurdert om det er plass til gynekologisk avdeling. Det vil bli lagt fram ei eiga sak om dette til styret i møtet i juni.

7. Leiarstillingar i Helse Bergen

Proessen med å tilsetje ny direktør på Voss sjukehus nærmar seg ein konklusjon.

Stilling som fagdirektør er no lyst ut, medan stilling som ny viseadministrerende direktør snart vil bli lyst ut.

8. Møte med gruppeleiarane i Bergen bystyre 23.4.18.

Ingen kommentarar.

9. Generalforsamling i Bergen Teknologioverføring AS

Det skal vere generalforsamling den 13. mai. Arbeid med å finne ein ny styreleiar er i gang.

10. ForBetringsundersøkinga

Ingen kommentarar.

Vedtak [samrøystes]

Styret i Helse Bergen tar meldingane til orientering.

Sak 30/18 O Rapport frå verksemda

Oppsummering

Føretaket innfrir ikkje lenger det regionale målet om aktivitetsvekst, og ligg no 958 DRG-poeng bak plantal for somatikken. Hittil i år har vi 1 053 færre unike somatiske pasientar enn i fjor på same tida. For å hente inn det negative aktivitetsavviket, er vi avhengig av å auke den elektive aktiviteten framover. Den nye mottaksmodellen skapar rom for det, då den framleis verkar som tilsikta når det gjeld handteringa av ØH-pasientane i føretaket. Presset på spesialleiningane i sjukehuset minkar både når det gjeld talet på ØH-pasientar, men også når det gjeld liggjedøgn for desse pasientane.

I psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB) er aktiviteten om lag som planlagt.

Alle sektorane innfrir no dei regionale krava til ventetider, men talet på fristbrot er framleis høgt og har auka frå februar til mars i år.

Det økonomiske resultatet i mars er negativt kr 10,8 mill., og negativt resultatavvik hittil i år er kr 38,1 mill. Det er risiko for ikkje å nå budsjettert resultat. Basert på dialog med einingar og skisserte tiltak, er prognosen for året som budsjettert.

Kommentarar i møtet

Styret registrerer at dei store og krevjande endringane blir gjennomførte i samsvar med tidsplan, og at pasientstraumen endrar seg som forventa etter innføring av den nye mottaksmodellen. Det er mykje som går bra i føretaket, mellom anna er utviklinga når det gjeld bruk av tvang i psykiatrien positiv.

Når det gjeld pasientbehandlinga, er styret særleg uroleg når det gjeld kreftområdet og den negative utviklinga når det gjeld pakkeforløpa. Styret er også opptatt av at einingane som har fristbrot, set inn tiltak for å få bort desse brota.

Styret er uroa over budsjettutviklinga som så langt er dårlegare enn i 2017 og budsjettet for 2018. Administrerande direktør må komme opp med tiltak med større verknad viss ikkje det er teikn til klar endring neste månad. Samstundes er det viktig at dei einingane som no går med overskot fortset med det med eit mogleg unntak for psykiatri og rus av omsyn til prioriteringsregelen.

Prognosen for økonomi er framleis lik budsjettet, fordi det så tidleg i året ikkje er mogleg å sjå effektane av alle endringane som er gjorde.

Det har vore ei jamn stigning i månadsverk dei siste åra, og dette er den viktigaste kostnadsdrivaren. Det er eit spørsmål om veksten er tilstrekkeleg bevisst og om fordelinga mellom einingane er hensiktsmessig.

Vedtak [samrøystes]

Styret tar saka til orientering.

Sak 44/18 A Langtidsbudsjett 2019-2023

Oppsummering

Helse Bergen HF har tidlegare utarbeidd langtidsbudsjett for perioden 2018-2023, vedtatt av styret i mai 2017. Helse Vest RHF har bede om at langtidsbudsjettet blir rullert og revidert for perioden 2019-2023, og langtidsbudsjettet skal endeleg behandlast i styret i styremøtet den 30. mai 2018. Helse Bergen arbeider for tida med utviklingsplan for verksemda fram mot 2035, og planen skal behandlast i styret 20. juni 2018. Langtidsbudsjettet vil derfor bli utarbeidd i samsvar med gjeldande strategiar, samstemt med utviklingsplanen og med utgangspunkt i føresetnader frå Helse Vest RHF.

Langtidsbudsjettet omfattar drifts-, finansierings- og investeringsbudsjett på føretaksnivå. Alle einingane har utarbeidd budsjettnotat som skildrar eininga sitt utfordringsbilde i perioden og nødvendige interne omstillingar som følgje av arealplanen, IKT-portefølje, fagstrategiar og politiske føringar. Budsjettnotata er drøfta med dei lokale tillitsvalde og med lokal verneteneste.

Langtidsbudsjettet på føretaksnivå vil bli drøfta med føretakstillitsvalde 09.05.2018 og behandla i FAMU 15.05.2018. Protokoll frå møte med tillitsvalde og referat frå møte i FAMU, vil følgje som vedlegg når saka skal behandlast i styret.

Styret har bede om at forslag til endringar i drifts- og investeringsbudsjett for perioden 2019-2023 blir framlagt for styret i april slik at styret kan vurdere endringane før endeleg langtidsbudsjett med investeringsbudsjett blir framlagt i mai. Både tekst og talmateriale til langtidsbudsjettet er under utarbeiding.

Kommentarar i møtet

Viss dei økonomiske resultatata sviktar over tid, må ein kutte i planen. Ein må då gjere ei vurdering av kva det er i langtidsbudsjettet som er bunde og kva som vil vere mogleg å ta ut.

Vedtak [samrøystes]

Styret i Helse Bergen HF tar saka til orientering.

Sak 45/18 A Tenesteavtale om øyeblikkeleg hjelp døgntilbod i kommunane

Oppsummering

I tråd med felles handlingsplan som er utarbeidd av samhandlingsutvala, er det gjennomført eit arbeid med å revidere tenesteavtale 4 - Skildring av kommunen sitt tilbod om døgnopphald for øyeblikkeleg hjelp.

Tenesteavtale 4 er etter revisjonen tilpassa den nye rettleiaren til Helsedirektoratet. Avtalen opnar for at lege i akuttmottak, i tillegg til fastlege, kan tilvise pasientar som er i målgruppa til kommunane sitt tilbod om døgnopphald for øyeblikkeleg hjelp. Det vil vere opp til den som tar i mot tilvisinga i ØHD-tilbodet, å vurdere om pasienten skal få eit slikt tilbod.

Helse Bergen HF vurderer det slik at avtalen kan bidra til at kommunane sitt tilbod om døgnopphald for øyeblikkeleg hjelp vil bli betre utnytta.

Vedtak [samrøystes]

Styret i Helse Bergen gir si tilslutning til revidert Tenesteavtale 4 - Skildring av kommunen sitt tilbod om døgnopphald for øyeblikkeleg hjelp.

Sak 46/18 A Fullmakter i utbyggingsprosjekt

Oppsummering

Frå Helse Vest RHF er det tatt eit initiativ til å vurdere regulering av fullmaktsregime i utbyggingsprosjekt.

Saka blei behandla i styresak 12/2018 i møtet 25. januar.

Styret i Helse Vest RHF behandla i styremøte 7. mars 2018 så sak om fullmakter i utbyggingsprosjekt (ref. styresak 040/18). Dei gjorde vedtak i saka og bad om at helseføretaka legg vedtaket til grunn i framtidige utbyggingsprosjekt og i dei som alt er under arbeid.

Kommentarar i møtet

Dette blir følgt opp med ei oppdatert beskriving av fullmakter internt i organisasjonen.

Det er særleg viktig at styret kan påverke val av entreprise- og kontraktstrategi. Lenger ut i ein byggjeprosess kan det vere noko større fleksibilitet når det gjeld fullmaktsgrense og involvering av styret.

Vedtak [samrøystes]

1. I gjennomføringsfasen av utbyggingsprosjekt skal alle kontraktar over NOK 300 millionar leggst fram for styret for godkjenning før kontrakt blir signert.
2. Styret skal ved oppstart av gjennomføringsfasen for det enkelte prosjekt, ta konkret stilling til om den overordna fullmaktsgrensa skal bli sett lågare enn NOK 300millionar og gjennom vedtak i det enkelte prosjekt fastsette endeleg fullmaktsgrense for administrerande direktør.
3. Avdelingssjef på Prosjektkontoret kan ikkje bli gitt fullmakt som overstig NOK 50 millionar.
4. Ved oppstart av gjennomføringsfasen, skal styret ta konkret stilling til entreprise- og kontraktstrategi og få førelagt plan for løpande rapportering til styret.
5. For det enkelte utbyggingsprosjekt må det avklarast med Helse Vest RHF korleis rapportering undervegs og sluttrapportering skal vera til eigar.

Sak 47/18 O Økonomiske betraktningar knytt til klimarekneskapen

Oppsummering

Klimagassrekneskapen som blir utarbeidd i føretaket, gir oss eit godt grunnlag for å arbeide med dei områda som har størst verknad for miljø- og klimaresultatet for sjukehuset. Vidare gjer rekneskapen at det blir mogeleg å måle om tiltaka vi har sett i verk gir den effekten som vi ønskjer.

Sjukehuset er miljøsertifisert etter ISO 14001-standarden og har dermed ein god struktur for kontinuerlege miljøforbetringar. Miljøstandarden krev integrering av ytre miljø i kjerneverksemda og legg vekt på systematisk kvalitetsarbeid som ein del av moglege miljøforbetringar.

Med bakgrunn i miljø- og klimautfordringane vi står overfor, er det ikkje usannsynleg at delar av verksemda vår i framtida vil bli prisa høgare. Dette er trekt fram i perspektivmeldinga gjennom for eksempel prising av klimagassutslepp. Ved god miljøstyring er vi betre rusta til å møte desse endringane.

Kommentarar i møtet

Styreleiaren opna med å peike på at det må vere ei avveging mellom ulike omsyn når ein følgjer eit mål. Følgjing av klimamål må vere forsvarleg når det gjeld kostnad. Politisk styring med pris på utslepp er det viktigaste verkemiddelet for å redusere utsleppa. Når det vert brukt, blir det samsvar mellom omsynet til å tilby best moglege tenester frå helseføretaket og å nå måla i klimapolitikken. Føretaket kan og nytta dei tilboda til billig finansiering som Enova gir.

Sjukehuset sitt samfunnsansvar er ikkje å minimere utslepp av klimagassar, men optimalisering når det gjeld ulike omsyn eit helseføretak må ta.

Generelt meiner styret at det er viktig med eit fokus på klima og miljømål. Det er ofte god økonomi å gjere tiltak som reduserer utslipp av klimagass. Saka viser at dei to måla kan gå godt saman.

Vedtak [samrøystes]

Styret i Helse Bergen HF tar saka til orientering.

Sak 48/18 O Internrevisjon av internasjonale samarbeidsprosjekt

Oppsummering

Internrevisjonen i Helse Vest har gjennomført internrevisjon på internasjonalt samarbeid mellom anna i Helse Bergen HF. Formålet med revisjonen har vore å undersøkje om prosjekta blir gjennomførde innanfor dei økonomiske rammene og administrative føresetnadene som er sette, og at jus, arbeidsgivaransvar og ulike former for risiko knytt til prosjekta er nøye vurdert.

Kommentarar i møtet

Styret meiner det er gjennomført ein grundig revisjon av eit område av verksemda som det er viktig å ha god styring på.

Det ville vere ein fordel om det internasjonale samarbeidet kom inn i oppdraget frå Helse Vest. Når den internasjonale satsinga ikkje er tatt med i oppdragsdokumentet, er det særst viktig at ein er open når det gjeld satsinga og at det inngår i rapporteringa til Helse Vest.

Vedtak [samrøystes]

Styret i Helse Bergen HF tar rapporten til orientering og bed administrasjonen følgje opp handlingsplanen.

Sak 49/18 A Prosjektorganisering protoncenter

Oppsummering

Styret i Helse Vest RHF godkjente i styresak 039/18 etablering av protoncenter ved Haukeland universitetssjukehus, Helse Bergen HF, i tråd med vedtak gjort av styret i Helse Bergen HF i sak 24/18.

I styresak 24/18 blei det gjort greie for organisering av det vidare arbeidet med etablering av protoncenter ved Haukeland universitetssjukehus. Styret i Helse Bergen HF bad då om ei sak som tydeleg viser roller og ansvar i styringsstrukturen.

Kommentarar i møtet

Det er no ein klårare fullmaktsstruktur i prosjektorganiseringa enn det som er vist tidligare.

Vedtak [samrøystes]

Styret i Helse Bergen HF tar sak om prosjektorganisering når det gjeld etablering av protosenter til orientering.

Sak 50/18 O Statusmelding utviklingsplan 2018 - 2035

Oppsummering

Helse Bergen, Haukeland universitetssjukehus, er i gang med å utarbeide ein utviklingsplan for perioden 2017-2035. Planen skal vere klar til behandling og vedtak i styret for Helse Bergen HF i styremøte 30. august i år.

Undervegs får styret statusmeldingar for arbeidet slik at styret kan kome med innspel undervegs.

Kommentarar i møtet

Styret peika på at nokre av føresetnadane som blir lagt til grunn for utviklingsplanen er usikre. Det gjeld særskilt framskrivinga av befolkningsveksten, som kan bli mindre enn ein tidlegare har trudd.

Sidan det er vanskeleg å sjå inn i framtida og seie noko sikkert, ønskjer styret meir vektlegging av usikkerheit og fleire scenario. Det blir til dømes fleire eldre, men det kan også vere dei held seg friske lenger. Fleksibilitet må vere eit stikkord i løysingane.

Styret saknar noko meir om mottaksmodellen i planen og bed om at beredskap blir vurdert som eit tema. Samhandling med kommunane må få større plass. Store og små kommunar har ulike føresetnadar for å gjennomføre desentralisering av oppgåver i spesialisthelsetenesta.

Vedtak [samrøystes]

Styret tar utkasta til kapittel 4 og 5 i utviklingsplanen til orientering.

Sak 51/18 0 Eventuelt

Ingen saker under eventuelt.

Dato: 30. mai 2018

Svein Gjedrem	Styreleiar
---------------	------------

Signy Midtbø Riisnes	Nestleiar
----------------------	-----------

Per Karlsen	Medlem
-------------	--------

Bjørn Østbø	Medlem
-------------	--------

Rolf Martin Tande	Medlem
-------------------	--------

Mona Haugland Hellesnes	Medlem
-------------------------	--------

Ann-Margrete Bollmann	Medlem
-----------------------	--------

Arvid Langeland	Medlem
-----------------	--------

Karen-Anne Stordalen	Medlem
----------------------	--------

Irene Hopsdal	Medlem
---------------	--------

Geir Arne Sunde	Medlem
-----------------	--------